

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Reidun Elin Johannessen	FA - B08	17/3016

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
40/2018	Utval for levekår	PS	04.09.2018

## Orientering om prosjektet "Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø"

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I vedtak frå kommunestyret 29.3.2017 i sak nummer 35/2017 står det:

«(...) Rådmannen blir beden leggje fram sak for Utval for levekår og kommunestyret med konkrete framlegg til tiltak for å hindra mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen. På ULK-møtet 30. mai skal politikarar og administrasjonen/rektorar drøfte ytterlegare tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (workshop). Kommunestyret må få saka til handsaming seinast i møtet 14.06. 2017».

På workshop i Utval for levekår 30. mai 2017 deltok rektorane, helsesystem, psykolog frå PPT, representant frå ungdomsrådet, FAU- representantar, kultur- og ungdomskonsulent, samfunnsutviklar, kommunal barnehageleiar, Utdanningsforbundet, rådgjevar helse og skulefagleg rådgjevar. I tillegg var tre eksterne representantar invitert med, to frå Regionalt kompetansesenter for barn og unge (RKBU) og PP-leiar/prosjektleiar for «Trygg i Fjell» frå Fjell kommune. Det kom inn til saman 154 innspel.

Kommunestyresak nr. 92/2017 ArkivsakID 17/1349 står det:

«Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17.

Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.

- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter. Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond."

#### Konklusjon

Prosjektleder, Anette Hesjedal, orienterer om prosjektet «Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø»

**Framlegg til vedtak:**

Ingen framlegg til vedtak

**Utval for levekår - 40/2018**

**ULK - behandling:**

Skulefagleg rdågevar Reidun E. Johannessen og prosjektleder Anette Hesjedal orienterte og viste ein powerpoint-presentasjon.

**Framlegg til vedtak får Sølvi Knudsen, SP:**

Utval for levekår takkar for ein interessant informasjon frå prosjektleder Anette Hesjedal om prosjektet "Trygt og godt oppvekstmiljø".

**Avrøysting:**

**Framlegget frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.**

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår takkar for ein interessant informasjon frå prosjektleder Anette Hesjedal om prosjektet "Trygt og godt oppvekstmiljø".